



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Hilde Rasmussen Nilsen, 5557 2371

Vår dato  
27.06.2016  
Dykkar dato  
06.04.2016

Vår referanse  
2016/4774 421.4  
Dykkar referanse  
14/473 – 16/4728

Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 Manger

### **Radøy - mindre endring av reguleringsplan Kuvågen hyttefelt - planID 12602014000300**

Fylkesmannen i Hordaland viser til kommunen si oversending av klage motteken her 07.04.2016.

#### **Vedtak**

**Fylkesmannen i Hordaland stadfester Hovudutval for plan, landbruk og teknisk sitt vedtak av 16.12.2015, sak 79/2015, mindre endring av reguleringsplan 12602014000300, Kuvågen hyttefelt.**

#### **Bakgrunnen for saka**

Hytteforeininga i Kuvågen hyttefelt søkte om å endre reguleringsplanen for området Kuvågen hyttefelt. Formålet med endringane var å legge til rette for å kunne sette opp boder på hyttetomtane og endre gangveg til køyreveg, samt få parkering på eigen grunn. Det krev at det vert gjort endringar både i plankartet og føresegnene.

10.06.2015 vedtok Hovudutval for plan, landbruk og teknisk samråystes reguleringsendring knytt til føresegner om bod i Kuvågen hyttefelt.

30.09.2015, etter synfaring, vedtok Hovudutvalet samråystes å ikke godkjenne søknad om mindre endring av reguleringsplan for Kuvågen hyttefelt knytt til føresegnene pkt. 2.1.3 som gjeld tilkomstveg, avkjørsle og parkeringsplass.

Hyttelaget sendte inn ein «*anke på vedtak om vei*» den 13.11.2015. Ove Erstad og Kari Elisabeth Erstad bad dessutan i e-post av 16.11.2015 om dispensasjon for å kunne køyre bil til si hytte.

Den 16.12.2015 handsama Hovudutval for plan, landbruk og teknisk klagene og fatta følgjande vedtak i sak 079/2015:

*«Klagen vert teke til følgje.*

*Framlegg til reguleringsendring for Kuvågen vert godkjend på følgjande vilkår:*

*1. Det må sendast inn oppdatert plankart der vegareal og avkjørsle til den enskilde eigedom er vist.*

*2. Kvar fritidsbustad skal ha to parkeringsplassar, kor den eine kan løysast på eiga tomt og den andre skal løysast på felles parkeringsplass.*

*Nytt punkt 2.1.3 i føresegne skal lyda:*

*Det kan gjevast løyve til etablering av tilkomstveg og avkjørsle til, og 1 parkeringsplass, på den einskilde fritidseigedom. Tilkomstveg og parkering skal tilpassast terrenget, og opparbeidast med enkle inngrep og naturlege material. Det er ikkje tillate å bruka asfalt, belegningsstein eller liknande. Hovudutvalet meinat parkering på eigen fritidseigedom er i samsvar med dagens krav og at det er tenleg i eit miljøperspektiv å leggja til rette for bruk av el-bil.*

*Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33, plan- og bygningslova § 12-12 (3), jf. plan- og bygningslova § 12-14 og naturmangfaldslova §§ 8-12.»*

Karstein B. Vågenes AS klagar på planendringa i brev av 18.01.2016.

Karstein B. Vågenes viser til sitt tidlegare innspeil til plansaka, og skriv «*Vi held fast på at den auka aktiviteten planendringa vil føre til er til ulempe for kulturtunet vi er i ferd med å bygge ut, med bakgrunn i vedteken reguleringsplan... Vi påklager løyvet til bilveg og parkering for dei 3 hyttene nærmast bautaen... Den plassering desse hyttene har fått er til stor skade / ulempe for aktiviteten ved Bauten... Skaden / ulempa kan Dempast noko om desse hyttene ikkje får rett til bilveg og parkering ved hyttene.*» Han skriv vidare at desse hyttene dessutan har kort avstand til felles parkeringsplass, og såleis ikkje har same behov for å køyre fram til hytta. Han klagar og over at vedtekten ikkje gjev ålmenta rett til fri ferdsel i friområdet (f\_F1), og bed om at kommunen følgjer opp føresegne 1.4.2 om at felles VA-anlegg skal vere ferdigstilt før det vert gjeve bruksløyve/ferdigattest.

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk handsama klagen i møte 16.03.2016, sak 013/2016. Klagen vart ikkje teken til følgje og vedtak i sak 079/2015 vert stadfesta. Saka vart etter det sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

Fylkesmannen finn at saka er tilstrekkeleg opplyst, jf. forvaltningslova (fvl) § 33 siste ledd.

### **Fylkesmannen si vurdering av saka**

Forvaltningslova (fvl) gjeld for Fylkesmannen si handsaming av saka. Fylkesmannen kan som klageinstans prøve alle sider av saka, jf. fvl § 34. Det følgjer likevel av fvl § 34 andre ledd at Fylkesmannen som statleg klageinstans skal ta omsyn til det kommunale sjølvstyret ved prøvinga av det frie skjønn.

Planarbeidet skal i samsvar med pbl § 1-1 fremje lova si målsetjing om berekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjoner. Det er kommunestyret som er ansvarleg for planarbeidet i kommunen og som skal ta stilling til om eit område skal regulerast og til kva formål. Det er eit spørsmål som er underlagt kommunen sitt frie skjønn. Ved mindre endringar er denne kompetansen delegert til hovudutvalet.

### **Avvisning av klage/omgjering**

Det følger av pbl § 12-12 tredje ledd at kommunestyret sitt endelege vedtak kan påklagast. Det same gjeld for mindre endringar av reguleringsplan som er vedtekne etter delegert myndighet frå kommunestyret, jf. pbl § 12-14 andre ledd.

I juridisk teori<sup>1</sup> går det fram som klart at planmyndigheten si avgjerd om ikkje å vedta eit reguleringsforslag, ikkje kan klagast på. Kommunen står fritt i om ein vil vedta eit planforslag. Vedtaket av 30.09.2015 om å ikkje godkjenne reguleringsendringa knytt til føresegne pkt. 2.1.3, er såleis ikkje noko enkeltvedtak som kan påklagast<sup>2</sup>.

Sjølv om avgjerda om å ikkje vedta eit planforslag ikkje er eit enkeltvedtak, bør avgjerda likevel grunngjenvært sakleg i reguleringsmessige omsyn, slik det er gjort i denne saka, sjå Hovudutvalet for plan, landbruk og teknisk si drøfting i saksframlegg av 16.12.2015.

Då det ikkje er klagerett på vedtaket om å ikkje vedta ei reguleringsendring, finn Fylkesmannen at kommunen formelt sett skulle ha avvist klagene frå Kuvågen hyttelag og frå Kari Elisabeth og Ove Erstad.

Kommunen har likevel ifølge fvl § 35 høve til å gjere om sitt eige vedtak utan at det er påklaga dersom

- «a) endringen ikke er til skade for noen som vedtaket retter seg mot eller direkte tilgodeser eller
- b) underretning om vedtaket ikke er kommet fram til vedkommende og vedtaket heller ikke er offentlig kunngjort, eller
- c) vedtaket må anses ugyldig.»

Det går fram av juridisk teori<sup>3</sup> at forvaltningsorganet i følge § 35 første ledd bokstav a) står fritt til å gjere om sitt eige vedtak sjølv om dette er til ulykke for andre enn den vedtaket direkte retter seg mot eller direkte tilgodeser. «Omgjøringsadgangen etter bokstav a er stengt der det foreligger (minst) ett rettssubjekt som den er til skade for, forutsatt at det opprinnelige vedtaket retter seg mot eller tilgodeser vedkommende. Den sistnevnte formuleringen innebærer etter en ordfortolkning at ikke enhver part i saken har vern mot omgjøring til skade, se Justisdepartementets veileder s. 34. Her forutsettes det at den som er part, fordi han er interessert i at en tillatelse ikke blir gitt, ikke er vernet mot at et avslag blir omgjort eller at vilkår blir lempet. På samme måte må det regnes med at ikke alle med «rettlig klageinteresse» vil oppfylle vilkårene etter bokstav a.» Woxholth viser vidare til Sivilombodsmannen si Årsmelding 1980 s. 104 der det vert konkludert med at vedtak i byggesaker ikkje kan seiast å «være rettet mot eller direkte tilgodese» naboor.

Trass i at Karstein B. Vågenes AS i merknader til planprosessen og som klagar har gjeve uttrykk for at dei/kulturtunet vert skadelidande som følgje endring av vedtaket, finn Fylkesmannen med dette at kommunen *har* moglegheit til å gjere om vedtaket av 30.09.2015 etter fvl § 35.

Med dette finn Fylkesmannen vidare at sakshandsamingsfeilen ved at kommunen handsama klagene frå hyttelaget og Kari Elisabeth og Ove Erstad, ikkje er ein ugyldiggjerande feil i denne samanhengen etter fvl § 41, då kommunen uansett kunne gjere om sitt eige vedtak etter fvl § 35 første ledd bokstav a).

---

<sup>1</sup> O.J. Pedersen Plan- og bygningsrett, 2. utg. Del 1 Planlegging og ekspropriasjon, kapittel 15 «Private reguleringsforslag».

<sup>2</sup> Samme referanse, s. 367.

<sup>3</sup> Geir Woxholth, Forvaltningsloven med kommentarer, s. 470 flg.

### Bilveg og parkering for dei 3 hyttene nærmast bautaen

Plassering av hyttene er vedtatt ved tidlegare planendring og er såleis ikkje eit tema i denne klagesaka.

Hovudutvalet viste i avslaget på endring til at køyring og parkering ved den einskilde fritidsbustaden vil vesentleg endra bruken av området, samt at biltrafikk ville råka tryggleiken i området. Vurderinga var også at landskapsestetikk og strandsoneomsyn vart råka.

Ved den nye handsaminga viser utvalet til at området ikkje vert vesentleg endra av at det vert opna for parkering av ein bil på den einskilde eigedom. Hovudutvalet meiner at parkering på eigen fritidseigedom er i samsvar med dagens krav og at det er tenleg i eit miljøperspektiv å leggja til rette for bruk av el-bil.

I vår vurdering av denne saka finn Fylkesmannen som rådmannen at køyrbar tilkomst og parkering for desse tre hyttene ikkje kan sjåast på som å vere til vesentleg sjenanse for kulturtunet. Vi har lagt vekt på at tilkomstvegen vil ligge lengre i frå kulturtunet enn den eksisterande felles tilkomstvegen og den felles parkeringsplassen. Vi har vidare lagt vekt på at tilkomsten og parkeringa ved kvar av hyttene vil vere på den sida av hyttene som vendar bort frå kulturtunet.

### Ålmenn ferdslsle

Fylkesmannen er einig i rådmannen sin vurdering om at dette ikkje er eit tema som har vore handsama i denne saka. Dette klagepunktet må difor avvisast. Retten til ålmenn ferdsel er elles sikra i friluftslova av 1957.

### VA-anlegg

Fylkesmannen forstår dette klagepunktet meir som ei påminning enn som ein klage. Fylkesmannen legg til grunn at rekkefølgjekravet om felles VA-anlegg i punkt 1.4.2 i føresegnene, vil verte følgt opp i samband med dei konkrete byggeskakene.

### **Konklusjon**

Etter ein gjennomgang av saksdokumenta finn Fylkesmannen at reguleringsplanendringa er handsama i samsvar med dei krav som plan- og bygningslova set til utarbeiding og vedtaking av reguleringsplanar. Vi har heller ikkje merknader til det planfaglege skjønnet som kommunen har utøvd i saka, jf. fvl § 34 andre ledd.

Klagen frå Karstein B. Vågenes AS vert etter dette ikkje teken til følgje.

Fylkesmannen sitt vedtak er endeleg og kan ikkje klagast vidare, jf. fvl § 28 tredje ledd.

Med helsing

Laila Pedersen Kaland  
seniorrådgjevar

Hilde Rasmussen Nilsen  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Kopi til:

Kuvågen hyttelag v/Terje Borvik Løvåsbakken 62 5145 FYLLINGSDALEN  
Kari Elisabeth og Ove Erstad  
Karstein B. Vågenes AS Postboks 93 5812 BERGEN